



Saksmappenr: 2023/1386-8
Arkiv: 140
Sakshandsamar: Kay Arne Søgård

Saksframlegg

Valle kommune

Saksnummer	Utval	Møtedato
9/24	Rådet for personar med funksjonsnedsetting	11.06.2024
39/24	Levekårutvalet	11.06.2024
52/24	Plan og miljøutvalet	11.06.2024
92/24	Formannskapet	13.06.2024
65/24	Kommunestyret	19.06.2024

Framlegg til planprogram for kommuneplanens samfunnsdel 2025 - 2037

Kommunedirektøren tilrår:

Det vert varsla oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel i samsvar med plan- og bygningslova § 11-12, og planprogrammet vert sendt på høyring med høyringsfrist 25. august 2024.

Rådet for personar med funksjonsnedsetting si handsaming av sak 9/2024 i møte den 11.06.2024:

Handsaming:

Framlegg frå Kjell Ove Tveiten:

Rådet for personar med funksjonsnedsetting ynskjer å bli involvert i planarbeidet.

Framlegget og tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert varsla oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel i samsvar med plan- og bygningslova § 11-12, og planprogrammet vert sendt på høyring med høyringsfrist 25. august 2024.

Rådet for personar med funksjonsnedsetting ynskjer å bli involvert i planarbeidet.

Handsaming i Levekårutvalet av sak 39/2024 den 11.06.2024:

Handsaming:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.



Vedtak:

Det vert varsla oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel i samsvar med plan- og bygningslova § 11-12, og planprogrammet vert sendt på høyring med høyringsfrist 25. august 2024.

Handsaming i Plan og miljøutvalet av sak 52/2024 den 11.06.2024:

Handsaming:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert varsla oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel i samsvar med plan- og bygningslova § 11-12, og planprogrammet vert sendt på høyring med høyringsfrist 25. august 2024.

Handsaming i Formannskapet av sak 92/2024 den 13.06.2024:

Handsaming:

Tilrådinga vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert varsla oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel i samsvar med plan- og bygningslova § 11-12, og planprogrammet vert sendt på høyring med høyringsfrist 25. august 2024.

Handsaming i Kommunestyret av sak 65/2024 den 19.06.2024:

Handsaming:

Framlegg frå Kim Pedersen:

Rådet for personar med funksjonsnedsetting ynskjer å bli involvert i planarbeidet.

Tilleggsframlegget frå Kim Pedersen og innstillinga frå formannskapet vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert varsla oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel i samsvar med plan- og bygningslova § 11-12, og planprogrammet vert sendt på høyring med høyringsfrist 25. august 2024.

Rådet for personar med funksjonsnedsetting ynskjer å bli involvert i planarbeidet.

Saksutgreiing:

Bakgrunn for saka

Planprogrammet



Kommunen si rolle som samfunnsutviklar er forankra i kommunelova og plan- og bygningslova (pbl.). Plan- og bygningslova legg til grunn at kommuneplanen sin samfunnsdel skal vere kommunen sitt overordna styringsverktøy. Den nye kommunelova bestemmer at økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar blir følgde opp. I samfunnsdelen skal kommunestyret ta stilling til korleis Valle skal utviklast vidare. Samfunnsdelen skal vise langsiktige satsingsområde i eit 12-års perspektiv og prioriterte satsingsområde i valperioden. Dei lange linjene for kommunen si utvikling synleggjerast gjennom kommunen sin visjon, hovudmål og ein arealstrategi. Hovudføremålet med ei rullering av samfunnsdelen er at den skal bli eit godt styringsverktøy for det nye kommunestyret og administrasjonen.

Formelt grunnlag


Plan- og bygningslova § 11-12

Vurderingar og konsekvensar

Endringsbehov

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Valle kommune vart vedteken i 2016, og kommunedirektøren meiner no det er behov for revisjon. Gjeldande samfunnsdel har 4 overordna mål og 4 overordna strategiar, temaområde, 48 målsettingar og 88 strategiar.

Det er ønskjeleg å få ei tydeleg prioritering av satsingsområde i valperioden og dermed ei betre kobling og samanheng med kommunen sin handlings- og økonomiplan. Det blir derfor lagt opp til ei rullering av samfunnsdelen kvart fjerde år og alltid innan første året i valperioden. Figur 1 nedanfor er utarbeidd av Asplan Viak:



Figur 1: Asplan Viak sin skjematiske fremstilling av prosessen rundt rulling samfunnsdelen.

Planprogrammet oppfyller krava i plan- og bygningslova og gir rammer for arbeidet med revidering av samfunnsdelen.

Det er viktig at kommuneplanen sin samfunnsdel blir utarbeidd slik at den blir eit funksjonelt verktøy som er styrande for all planlegging, og at andre planar blir sikra legitimitet i samfunnsdelen. Planprogrammet tek for seg dei viktigaste rammene for utarbeidinga av planen.

Prosess

Planprosessen for samfunnsdelen er delt i tre fasar med hovudfokus på politisk forankring (figur 2):

1. Ein innleiande fase der det blir lagt opp til politisk drøfting om viktige utviklingstrekk og utfordringar som grunnlag for ny samfunnsdel (politiske verkstader).
2. Ein utviklingsfase der kommunestyret diskuterer seg fram til forslag til ny samfunnsdel som kan leggjast ut til høyring. Dette arbeidet er ein viktig del av den rolla kommunestyret er tildelt som planmynde etter plan- og bygningslova.
3. Høyring og offentleg ettersyn av forslag til ny samfunnsdel. Etter høyringsfasen vil merknader frå høyringa bli behandla og planforslaget vil bli lagt fram for endeleg behandling i kommunestyret hausten 2024.

I fase 1 og fase 2 kan det leggjast opp til opne møter slik at lag og foreiningar, næringsinteresser og andre interesserte kan delta.

**FASE 1**

Varsel om oppstart av planarbeid og forslag til planprogram ut til høyring og offentlig ettersyn	Juni-august 2024
Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2037 blir fastsett og forenkla planstrategi blir vedteken.	September 2024

FASE 2

Planoppstart	September 2024
Utarbeiding av planutkast, medverknad, drøfting, dialog og politisk verkstad	September-desember 2024

FASE 3

Kommunestyret legg kommuneplanens samfunnsdel til høyring og offentlig ettersyn	Januar-februar 2025
Administrativ handsaming og medverknadsprosessar i råd og utval	November 2024 – april 2025
Vedtak av kommuneplanens samfunnsdel	Mai 2025

Figur 2: Framdriftsplan for rullering av kommunedelens samfunnsdel i Valle kommune.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at det blir sett i gang arbeid med å revidere kommuneplanen sin samfunnsdel.

Oppstarten av arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel er i tråd med forslag til kommunal planstrategi som òg ligg til handsaming i same møte som denne saka. Politisk handsaming av kommunal planstrategi skal skje før handsaming av planprogram for kommuneplanens samfunnsdel.

Forslag til planprogram blir lagt ut på høyring slik at prosessen blir sett i gang.

Valle, den 30.05.2024

Vidar Homme
kommunedirektør

Vedlegg:

- 1 Planprogram kommuneplan samfunnsdelen 2024-2034

Andre dokument i saka: